



22.01.2019

# PROSJEKTPLAN FOR BØMLO

Program for folkehelsearbeid i kommunane

*Medverknad og deltaking for god trivsel og livskvalitet for alle barn og unge*




FOTO: Alf Helge Greaker

Handsama dato	Handsama av	
21.01.2019	Styringsgruppa	

## Innhold

1. Bakgrunn .....	3
1.1. Utfordringsbilde no .....	5
1.2. Prosjektet sitt formål .....	5
2. Innsatsområde .....	6
2.1. Lokalsamfunn og nærmiljø .....	6
2.2. Oppvekst og læring.....	6
3. Mål og målgruppe .....	6
3.1. Mål.....	7
3.2. Målgruppe for tiltak.....	7
3.2.1. Organisering og avgrensing .....	7
3.2.2. Deltaking .....	7
3.2.3. Samarbeid FoU miljøa .....	7
3.2.4. Samarbeid andre kommunar .....	8
3.3. Tiltak og metode.....	8
3.3.1. Kopling mot pågåande arbeid .....	8
3.4. Evaluering.....	9
4. Organisering og ansvar.....	10
5. Prosjektet som innovasjon .....	11
5.1. Innovasjon gjennom bruk av ABCD .....	11
5.2. Innovasjon gjennom deltaking i planarbeid .....	11
5.3. Innovasjon gjennom demokratibyggning .....	11
6. Framdriftsplan for prosjektperioden.....	12
6.1. Milepælplan.....	12
6.2. Oppfølging og rapportering.....	13
6.3. Risikomoment.....	13
7. Budsjett og finansiering .....	13
7.1. Prosjektkostnader/ Budsjett (totalt 3 år) .....	13
8. Referansar .....	15

## 1. Bakgrunn

Prosjektet er ein del av Helsedirektoratet sitt nasjonale folkehelseprosjekt **program for folkehelsearbeid i kommunane 2017 – 2027**, der Hordaland fylkeskommune søkte og vart tatt opp i programmet i 2018. Dei inviterte kommunar til å søke deltaking med frist 30.06.18. Bømlo kommune vart tatt opp i programmet hausten 2018, eit 3 årig program.

### **Prosjektet er forankra i kommunen sitt ansvar for folkehelsearbeid jamfør folkehelselova § 4 og gjennom politisk vedtak**

Det er knytt til planarbeid som kommunedelplan for oppvekst og kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), som er pågåande arbeid. Vedtatt planprogram for KPS i kommunestyret 19.03.18

- *I planstrategiens kapittel 2.2 er det vist til tre sektorovergripande tema for planarbeidet: **folkehelse, inkludering og strategi for friviljugheit.***
- *Folkehelse som grunnleggjande prinsipp: Folkehelse egner seg godt som gjennomgåande tema og grunnleggjande prinsipp for all planlegging. Slik er det òg beskrive og definert i planstrategien. Dette er og i tråd med Folkehelseloven §4 som mellom anna pålegg kommunane å fremje helse og trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, førebyggjande psykisk og somatisk arbeid og utjamning av sosialeforskjellar .*

Folkehelse er eit eige emne i kommunedelplan for oppvekst og i KPS

*Bømlo kommune er ein MOT kommune og nyttar seg av MOT programmet «kommunen som samfunnsbygger». Kommunedelplan for oppvekst har implementert MOT verdiane, det tar vi med i programarbeidet.*

*MOT-verdiane Mot til å leve, mot til å bry seg og mot til å seie nei, skal oppvekstsektoren ha i botn for alt arbeid. Dei som har vakse opp i Bømlo, skal ha opplevd å vekse som trygge og aktive barn og unge med meistringsglede, som vert menneske, som har:*

*Mot til å leve, mot til å bry seg og mot til å seie nei.*

Søknadsprosess har vore gjennomført i kommunen sitt folkehelseforum, sett saman av politisk og administrativ leiing, brukarrepresentant og tillitsvalde, som også er styringsgruppa for helsefremjande nærmiljøprosjekt. Det har vore sak i rådmannen si leiargruppe som sette ned ei tverrsektoriell arbeidsgruppe som saman utforma søknaden. Formannskapet har gjennom PS 19/18 den 25.01.18 vedtatt at kommunen skulle søke om deltaking i Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027. Kommunalsjefar, verksemdsleiarar og rådgjevarar har hatt ansvaret for å informere ut i kvar si eining.

Ungdomsrådet har i eit ekstramøte den 07.06.18 drøfta gjennom kva dei vil ha med i søknaden – eigarskap.

Samarbeidsavtale om deltaking mellom Hordaland fylkeskommune og Bømlo kommune vart signert 24.08.2018

I tillegg er det drøfta med dei 3 grendautvala som har deltatt i «Nærmiljøprosjektet». Vi har gjennomført i løpet av 2018 grendamøter i lag med grendautvala i heile kommunen, der ein nyttar m.a. ABCD metode/prosess (Asset Based Community Development). Det er ein metode/prosess for ressurskartlegging, ressursmobilisering og ikkje minst kopling av ressursane. ABCD tankegangen er eigna til å fange bredde av ressursar og engasjement hos barn og unge. Innspel skal kategoriserast og koplast, og aktørar ansvarleggjerast på lågaste mogleg nivå for oppfølging/gjennomføring. Det er avdekka trong for å ha fleire kurs i bruk av ABCD metode/prosess. Deltaking i desse kursa har vore eit sentralt element i pågåande folkehelseprosjekt. Bømlø kommune vidarefører arbeidet som er gjort i helsefremjande nærmiljø prosjektet i dette prosjektet.

Det teorigrunnlaget ein legger til grunn er m.a. *Bromfenbrenners utviklingsøkologiske modell, som omhandlar fire nivå. Eit av nivåa omtaler lokalmiljø som eit system som kan innebere kommunikasjon og gjensidig påverknad mellom deltakarar på arena som bind dei saman, ein prosess som kan føre til m.a. fellesskapsoppleving. Det har grunnleggjande betydning for m.a. støtte og trivsel (Brofenbrenner i Bø og schiefloe 2007 s. 34-35), noko vi har erfart i Prosjekt helsefremjande nærmiljø.*

Rita Agdal og Inger Helen Midtgård på Høgskulen på Vestlandet (HVL) har i ei kunnskapsoppsummering peika på at det fulle potensialet i ABCD er fullt utnytta berre i nokre av prosjekta når det gjeld born og unge, og at det er behov for meir kunnskap om korleis ressursmobilisering i skulen bidrar til helsefremjing. Oppsummeringa syner at jo meir barn deltek jo meir vellykka vert prosjekta

Ein fersk kunnskapsoppsummering om **resiliens** (*evnen til et system til å motstå forandringer i omgivelsene og fortsatt fungere*) er no samla i ein FoU rapport KS/Sintef publiserte 04.06.18. Den seier noko om sosiale faktorar som verker helsefremjande på befolkninga sin psykiske helse. Det er faktorar som sosial tilhøyrslø, deltaking, sosial støtte, sosial kapital og ikkje minst like høve for alle. Det same har vi erfart gjennom arbeidet gjort i helsefremjande nærmiljø-prosjektet.

Helsedirektoratet sin publikasjon om «Styrkebasert tilnærming i lokalt folkehelsearbeid» beskriver innbyggjarinvolvering, myndiggjering og deltaking. ABCD er ein slik type tilnærming. Å få fram innbyggjarane sine ressursar, og la desse delta aktivt, er sentralt i det som vert kalla styrkebaserte tilnærmingar. Når ein person, gruppe eller eit lokalsamfunn medverkar og vert høyrte, slik som i vårt nærmiljøprosjekt, kan sjølvforsterkande sosiale prosessar oppstå. Desse er med på å skape auka sjølvkjensle, identitet og tilhøyrslø, som igjen kan bidra til helsefremjing og ha betydning for menneske sin helse og livskvalitet. I eit styrkebasert perspektiv er prinsippet at alle menneske og sosiale system har i seg ressursar som kan mobiliserast. Styrkebaserte tilnærmingar som ABCD bygger sosial kapital både samanbindane, brubbyggjane og lenkande.

Om Elevundersøkinga 2017 skriv kunnskapsministeren i ein pressemelding 20.11.18 *Rapporten viser en tendens til at elevenes sosiale- og faglige utvikling sees adskilt. Arbeid med sosial kompetanse, elevmedvirkning og klassemiljø oppleves på mange skoler som en tidstyv.*

*På spørsmål om elevene får være med på å foreslå hvordan de skal jobbe med fagene, svarer 60 prosent at de ikke får det i noen fag, at de får det i svært få fag, eller at de får det i noen fag. På spørsmål om skolen hører på elevenes forslag, svarer om lag halvparten at de blir hørt.*

*Skolen skal bidra til at elevene utvikler seg både faglig og sosialt. Vi må sørge for at elevene også får lære mer om hvordan de skal delta aktivt i demokratiet. I de nye læreplanene som kommer i 2020 er demokrati og medborgerskap ett av de nye tverrgående temaene, sier Sanner.*

## 1.1. Utfordringsbilde no

Vårt oversiktsdokument syner oss at vi har utfordring med mobbing i skulen. Fleire unge enn før, særleg unge jenter, slit med psykiske utfordringar som depresjonar, bekymrar seg mykje over ting og har ei kjensle av einsemd (Ungdata). I følge SSB er det størst auke for jenter 15-20 år som har fått diagnostisert ei psykisk lidning. Dei siste åra har det også vore ei markant auke i unge som kontaktar legetenesta for psykiske vanskar, i hovudsak depresjon og depressive reaksjonar. Vi ser samtidig ei auke i tilvising til BUP, der fleire no får avslag, så vert der difor auka press på psykisk helseteneste i kommunen. Data frå nasjonale prøver syner at Bømlo kommune har ei utfordring med lesedugleik i 5. klassesetrinn.

Det er gjennomført ei hurtigkartlegging av rusituasjonen blant ungdom på Bømlo (2017) med rettleiing frå KoRus Vest og Stiftelsen Bergensklinikkene, som har avdekket tidlegare debut og meir bruk av cannabis. Det er lave tal på bruk, men ei markant auke dei siste to åra.

Funn frå hurtigkartlegging:

- Ungdommen peikar på trong for meir uformelle møteplassar, som kan vere uorganiserte for ungdom
- Det er lite «mangfald» i det organiserte/tilrettelagte tilbodet.
- Det er fleire som ikkje finn sin plass i det «etablerte» tilbodet (ungdommen sjølv sin melding attende). Uformelle møteplassar kan vere knytt opp til hus eller ein hengplass
- Mange ynskjer møteplassar på tvers av generasjonar, ein stad å vere der det er «folk frå før».

Geografi er ei utfordring. Som barn er du mest knytt til skulekrinsen din, men med alderen tek fleire del i aktivitetar utanfor lokalsamfunnet. Dårlig kollektivtilbod og manglande trafikktryggleik er eit problem, då ein vert avhengig av privat transport til organiserte aktivitetar.

Bømlo kommune har ikkje gode nok medverknadsarena for barn og unge i dag. Elevundersøkinga frå 2017 stadfester det. Det har også vore ei utfordring å få eit aktivt medverkande ungdomsråd i kommunen, noko som gjer at ungdom ikkje har den reelle medverknaden vi har som mål at ungdomsrådet skal ha.

## 1.2. Prosjektet sitt formål

Ei god sjølvkjensle, og særskilt kjensla av å kunne meistre utfordringar og problem har stor verdi for god psykisk helse. Når barn og unge opplever tilhøyrsløse, er trygge og har høve til deltaking er det med på å bidra positivt til å påverke barn og unge si psykiske helse.

Formålet med prosjektet er derfor å:

- Kartlegge ressursar og oppdage eigne og andre sine ressursar
- Legge til retter for medverknad for alle
- Ha møteplassar som inkluderer
- Legge til rette for gjennomføring av gode idear og prosjekt føreslått og eigd av barn og unge sjølve

## 2. Innsatsområde

Bømlo kommune har to innsatsområde som er i samsvar med dei nasjonale føringar. Desse heng saman då oppvekst og læring skjer i eit lokalsamfunn fordi barnehage og skule er ein viktig ressurs i sitt lokalsamfunn.

### 2.1. Lokalsamfunn og nærmiljø

Innsatsområde **lokalsamfunn og nærmiljø** som er knytt opp til vidareføring av erfaringar gjort i folkehelseprosjektet helsefremjande nærmiljø. Bømlo kommune er i dag deltakar i helsefremjande nærmiljø-prosjektet og har m.a. gjort erfaringar med bruk av ABCD metoden i samarbeid lokalsamfunn (gjennom grendautvala på Moster, Rubbestadneset og Espevær) og kommunen. Grendautvala representerer sitt lokalsamfunn og fungerer som ein paraply for lag og organisasjonar i si bygd. Vi vil no nytte desse erfaringar om medverknad gjennom bruk av ABCD i arbeidet mot barn og unge både i barnehage og skule.

### 2.2. Oppvekst og læring

Innsatsområde **Oppvekst og læring** der vi vil fortsette å nytte grendautvala som ressurs vidare i dette programarbeidet gjennom samarbeid med skular og barnehagar, for ressursmobilisering, ressurskartlegging og ressurskopling gjennom bruk av ABCD metode/prosess. Målet er at ein skal nå alle barna i barnehage/skule, og slik få medverknad uavhengig av kva andre arena barna deltek i på fritida.

## 3. Mål og målgruppe

Det er eit mål at Bømlo kommune skal legge til rette for at alle innbyggjarar skal ha helsefremjande kvardag. Medverknad og deltaking frå alle aldersgrupper er derfor viktig. Alle har ressursar og noko å bidra med, og prosjektet har som mål at særskilt barn og unge sine ressursar og innspel medfører god trivsel og livskvalitet for alle barn og unge i kommunen.

### 3.1. Mål

**MÅL: Barn og unge er medvitne om egne ressursar, at dei har verdi og er viktige aktørar i sitt lokalsamfunn, i barnehagen og i skulen.**

**Delmål: Barn og unge** opplever meistring og tilhøyrse, vert sett på som ein ressurs, og ser på seg sjølve som ein ressurs

**Delmål: Barn og unge** sin deltaking og engasjement vert nytta i utviklinga av lokalsamfunnet og i kommunal planlegging

### 3.2. Målgruppe for tiltak

Målgruppa er:

Barn i barnehagealder til ungdom i 20 års alder, jamfør program for folkehelsearbeid i kommunane.

Vi tenker barnehage, skule til og med vid. skule i Bømlø, avgrensa til få barnehagar/skular i byrjinga.

#### 3.2.1. Organisering og avgrensing

Barnehage og skular er arena for prosjektarbeidet. For å avgrense vil vi byrja med ein barnehage, ein barneskule og ein ungdomsskule, for å få eit heilskapleg perspektiv frå 1 til 16 år. For at god kompetanse skal komme andre til gode vil desse skulane vere sentrale i lokale nettverk. Avhengig av korleis det utviklar seg kan ein vurdere å utvide til fleire i prosjektperioden.

#### 3.2.2. Deltaking

Bømlø kommune har totalt 10 grunnskular; 1 ungdomsskule, 2 kombinert barne- og ungdomsskular, 7 barneskular, og 2 vidaregåande skular. Kommunen har 8 barnehagar, og alle er private. Vi er i dialog med desse om deltaking i prosjektet. Vi er og i dialog med skulane, både grunnskulen og dei vidaregåande skulane.

Samhandling med foreldre og frivilligheita skal sikre brei deltaking. Det kan vere aktuelt å vurdere lokalsamfunn med grendautval ut frå utvalde kriteria. T.d. er det nokre lokalsamfunn som har skular med markert nedgang i elevtalet. Eit anna døme er skule som allereie har eit samarbeid om tettstadsutvikling gjennom Liv og Lyst prosjekt.

#### 3.2.3. Samarbeid FoU miljøa

Vi har i kommunen hatt godt samarbeid både opp mot KoRus og Bergensklinikkene (m.a. hurtigkartlegginga og Ungdata) og mot Høgskulen på Vestlandet gjennom deltaking i HelseDirektoratet sitt 3-årige prosjekt for helsefremmande lokalsamfunn.

Vi har eit mål om å vidareføre det gode samarbeidet både gjennom utvikling/vurdering av kunnskapsgrunnlaget og som samarbeidspartnar i mogleg forskingsarbeid knytt til prosjektet.

Det skal gjennomførast ei Ungdata undersøking i februar 2019 som saman med elevundersøkinga vert ein «nosituasjonen». Vi er i dialog med KoRus om å gjennomføre ungdatabeundersøking for elevar på 5-7 klassetrinn og elevundersøking. Vi vil vidareføre samarbeidet vi har hatt med HVL, no knytt til barn og unge.

#### 3.2.4. Samarbeid andre kommunar

Bømlo, Askøy og Stord kommunar har fleire like treffpunkt på sine prosjekt som gjer at ein bør få til eit samarbeid.

### 3.3. Tiltak og metode

Vi skal gjennomføre styrkebasert ressursmobilisering i samarbeid med barnehage og skule. Idear og innspel skal følges opp etter modell utvikla i «nærmiljøprosjektet» med kategorisering, som gir ansvar for gjennomføring av forslag til tiltak til barn og unge, med hjelp og vegleiing av vaksne i skulen, foreldre og frivilligheita. Tiltaka er eigd av barn og unge sjølve.

ABCD metode/prosess er i natur nettopp kopling mellom ulike grupper. Vi vil etablera samarbeid mellom kommunen og barnehagar, skular, SLT/MOT og frivilligheita gjennom grendautvala lokalt i kvart nærmiljø. Vi vil arrangere ABCD kurs, gjerne i samarbeid med Hordaland fylkeskommune (HFK)/Vestland og HVL. Erfaringar frå deltaking i HelseDirektoratet sitt 3-årige prosjekt for helsefremmande lokalsamfunn har synt oss at felles forståing og tankegang er ein kritisk suksessfaktor.

«Ruslemaking» er ei lokalt utvikla medverknadsmetode. Hovudpoenget er gjennom fysisk rørsle å kartlegge faktiske og ønska sosiale opplevingar i nærmiljøet, gjennom å sjå, lytte, lukte og formidle det.

Det er vanskeleg å skilje mellom metode og tiltak, både bruk av ABCD og «Ruslemaking» kan her både vere ein metode og eit tiltak. Medverknad i skular og barnehage i samhandling med foreldre og frivilligheita for å sikre brei deltaking.

#### 3.3.1. Kopling mot pågåande arbeid

Demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring. Desse tverrfaglege tema tek utgangspunkt i aktuelle samfunnsutfordringar, og skal bidra til at



elevane får innsikt i ulike dilemma. Dei skal forstå samanhengen mellom handlingar og val og korleis ein gjennom kunnskap og teknologi kan finne løysingar.

Samarbeid med kommunale prosjekt som kan vere relevant å ta med, for å kople pågåande arbeid mot prosjektet.

- Det vert jobba med konseptet Smart oppvekst i nokre skular i Bømlo. Det handlar om system for å øve på å sjå kvarandre sin styrke, gjennom spørsmål som: *Kva vil kunne skje om alle barn lærer seg ferdigheten i å se alt som er bra hos seg selv og andre?*
- Bømlo kommune skal i gang med ei omfattande evaluering av ungdomsrådet. I denne prosessen skal vi evaluera korleis ungdomsrådet har fungert sidan oppstart i 2002, og korleis vi kan sikre at dei vert involvert i prosessar som er relevant for ungdommen.
- Betre tverrfagleg innsats (BTI) ein samhandlingsmodell til bruk i kommunar for å betre den tverrfaglege innsatsen i og mellom tenester retta mot barn, unge og familiar som bekymrar, tiltaket tidleg innsats.
- Kommunen deltar i utdanningsdirektoratet si satsing «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» med prosjektvarigheit frå 2018-2020. Det er viktig med ei kopling opp mot det arbeidet.
- *Være saman* er eitt av tiltaka i «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Det er ei felles kompetanseheving for ALLE tilsette i barnehagane, der ein øver på å bli ein varm og grensesetjande vaksen (autoritativ).
- Bømlo kommune er Språkkommune i *Språkløyper – Nasjonal strategi for språk, lesing og skrivning 2016–2019*. Denne skal styrke norske elevar sitt språk, lesing og skrivning. Personalet i barnehagar og lærarar i grunnskule deltek i strategien.
- Det er viktig å kople prosjektarbeidet opp mot det pågåande arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) og arealdel (KPA)
- I 2020 kjem det ny nasjonal læreplan for grunnskulen og vidaregåande skule. Denne fagfornyinga har tre tverrfaglege tema, som ikkje er eigne fag:

### 3.4. Evaluering

Det skal gjennomførast ei Ungdata undersøking i februar 2019 som saman med elevundersøkinga vert «nosituasjonen».

Når det gjeld gjennomføring av Ungdata på barnetrinnet, er vi i dialog med KoRus/NOVA om å gjennomføre det for elevar på mellomtrinnet, 5 - 7 klassetrinn i tillegg til elevundersøkinga. Ny Ungdata undersøking vil bli gjennomført i 2021 også for 5-7 klassetrinn supplert med

elevundersøkinga, for å sjå om det er endring i barn og unge si opplevde psykiske helse. Vi undersøker om det er mogleg å få med oss lærlingar og «skule-dropouts» i ungdomsundersøkinga i 2019, då me har manglande kunnskap om desse ungdommane.

Vi vil gjennomføra evaluering som kan syne oss om tiltaka har ført til at barn og unge deltar og medverkar meir, t.d.:

- Måle tal prosjekter kor barn og unge medverkar. Medverknad vert det direkte spurt om i elevundersøkinga – der skårar vi ikkje så høgt no.
- «Ruslemaking», korleis ein opplever deltaking/medverknad gjennom tiltaket «Ruslemaking».
- Evaluering gjennom eigenevaluering
- Prosessevaluering gjennom bruk av fokusgruppeintervju
- Evaluering gjennom bruk av FoU miljøa, slik det er opna for gjennom finansieringa av prosjektet.

#### 4. Organisering og ansvar

Prosjektet er forankra gjennom Rådmannen si leiargruppe som sette ned ei tverrsektoriell «søknadskrivegruppe», som saman utforma søknaden. Prosjektplan er utforma av søknadskrivegruppa i dialog med leiarforum i kommunen og etter innspel frå ungdomsråd og leiargrupper i barnehage og skular og kommunen sitt folkehelseforum.

Søknadskrivegruppa

Navn	Funksjon	Ansvar
Anne-Beth Njærheim	Folkehelsekoordinator	Utforme søknad og prosjektplan
Kristine Sætre	Rådgjevar Skule	Utforme søknad og prosjektplan
Kristin Skare	Rådgjevar barnehage	Utforme søknad og prosjektplan
Elisabeth Holme Grønnevik	Rådgjevar kultur og idrett	Utforme søknad og prosjektplan
Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm	Rådgjevar helse	Utforme søknad og prosjektplan
Stian Sithole Olderkjær	SLT og MOT koordinator	Utforme søknad og prosjektplan
Linda Hellen	Verksemdsleiar Barne og familietenesta	Utforme søknad og prosjektplan

Prosjekteigar vert kommunalsjef for oppvekst, og styringsgruppe vert kommunen sitt leiarforum. Det skal etablerast ei tverrfagleg prosjektgruppe som får ansvar for vidareføring og utvikling av prosjektet. Her er ikkje alle namna på plass. Ungdomsrådet vert referansegruppe for prosjektet.

Rolle	Navn	Funksjon
Prosjekteigar	Bjørn Håvard Bjørklund	Kommunalsjef oppvekst
Styringsgruppe	Leiarforum	
Prosjektleder	Anne-Beth Njærheim	
Prosjektdeltakar		barneskule og ungdomskule

Prosjektdeltakar		Barnehage
Prosjektdeltakar	Alf Helge Greaker	Samfunnsplanleggar
Prosjektdeltakar	Stian Sithole Olderkjær	Mot/SLT
Prosjektdeltakar	Linda Hellen	Barne og fam. tenesta
Prosjektdeltakar		Elevrep.
Prosjektdeltakar		Rep frå eit Grendautval
prosjektdeltakar	Linda Djuvik	Areal/Teknisk
Referansegruppe		Ungdomsrådet

Det kan vere aktuelt å kople på andre deltakarar i prosjektperioden.

## 5. Prosjektet som innovasjon

Vi vil ta utgangspunkt i eksisterande tiltak t.d. ABCD metode/prosess og etablere nye tiltak etter innspel frå barn og unge særskilt.

Vi har gode erfaringar med å nytte ABCD metode/prosess, og vil derfor vidareføre å bruke det som metode/arbeidsverktøy for å fange breidde av ressursar og engasjement hos barn og unge.

### 5.1. Innovasjon gjennom bruk av ABCD

**Det innovative kan vere** ABCD tankegang, som ressurskartlegging, ressursmobilisering og ikkje minst kopling av ressursane i samarbeid skule og nærmiljøet. Erfaringar frå pågåande helsefremjande nærmiljøprosjekt har synt oss kva kraft og moglegheiter det ligg i desse prosessane; at barn og unge kan oppdage sine eigne ressursar, at dei har ein verdi og er viktige i sitt lokalsamfunn, i barnehagen og i skulen. Ved å oppleve meistring, og verte sett på som ein ressurs, å sjå på seg sjølve som ein ressurs, og kople saman ressursane er målet at barn og unge skal skape noko dei ynskjer å få til, ikkje det vi vaksne meiner kan vere rett.

Vi vil ta utgangspunkt i det som finnes av ressursar. T.d. Ungdata er problemfokuser, men vi vil starte med ressursane.

### 5.2. Innovasjon gjennom deltaking i planarbeid

Kommunen har starta arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS). Her er vi i gang med å nytte barn og unge si deltaking og engasjement i utviklinga av lokalsamfunnet og i kommunal planlegging, m.a. ved bruk av ABCD metode/prosess.

Etter tre pilotforsøk kan den lokalt utvikla metoden «Ruslemaking» verta vidareutvikla og vere grunnlaget for nye, eksperimentelle måtar for medverknad.

### 5.3. Innovasjon gjennom demokratibygging

I 2024 skal det vere eit riksjubileum for markering av 1000 års jubileum for at kristenretten vart satt på Moster i 1024 av Olav Haraldson. Dei nye lovene var starten på den rettsstaten vi kjenner i dag. Korleis kan vi nytte barn og unge sin deltaking og engasjement slik at dei vert ein reell stemme inn i utviklingsarbeidet? Kommunen og fylkeskommunen har felles forplikting som politisk vedtak om felles gjennomføring.

Nytenking kan vere å lausrive seg frå demokratiets etablerte form. Korleis skal stemmene bli høyrte i morgondagens samfunn og demokratibygging? Fokus på styrker og ressursar vil møte prinsippa i opplæringslova. Jørn Øyrehaugen Sunde – m/fleire – jusprofessorar frå Oslo og Bergen er i gang med å utvikle eit forskingsprosjekt – UiB – kva konsekvensar hadde den nye retten for samfunnet? Kan vi kople desse prosjekta?

Vi ønskjer å fokusere på den direkte påverknaden gjennom engasjement i lokalsamfunna, og ikkje berre det representative demokratiet. Skulen er ein arena som uansett skal arbeida med demokrati, så difor er det nærliggande å trekke inn skule, og arbeide med ulike metodar for medverknad. Vi erstattar noko gammalt med noko nytt og det er ein innovasjon i det.

## 6. Framdriftsplan for prosjektperioden

### 6.1. Milepælplan

ID	Dato/mnd	Milepæl
M1	30.06.2018	Søknad om deltaking sendt til Hordaland fylkeskommune
M2	24.08.2018	Signert samarbeidsavtale om deltaking mellom Hordaland fylkeskommune og Bømlo kommune
M3	29.10.2018	Sak i utvida leiarforum
M4	07.11.2018	Sak i Folkehelseforum
M5	20.11.2018	Orientering i politisk utval for oppvekst, kultur og idrett
M6	23.11.2018	Sak i leiarmøte for barnehage og barneskule
M7	26.11.2018	Sak i utvida leiarforum
M 8	November 2018	Oppnemne prosjektgruppe
M9	November 2018	Prosjektplan til godkjenning
M10	14.12.18 21.01.2019	Godkjenning av prosjektplan i samarbeidsorganet og tildeling av midlar Godkjent prosjektplan i styringsgruppa
M11	Januar – februar 2019	Utveljingsfase – planlegging, forankring/involvering 1 pulje
M12	Februar 2019	Ungdata + ungdata 5-7. klasstrinn – ikkje avklara tid for gjennomføring
M13	Vår 2019	Gjennomføre ABCD kurs x 2 (barneskule og barnehage)
M14	Vår 2019	Work-shops ungdomsråd, elevråd, skular og barnehagar – få innspel
M15	Vår 2019	ABCD kurs (ungdomskule)
M16	Haust 2019	Elevundersøkingar
M17	Haust 2019	Utforming av tiltak etter innspel – prøve ut definerte tiltak
M18	September-oktober 2019	Utveljingsfase– planlegging, forankring/involvering 2 pulje ved eventuell utviding
M19	Sept. 2019	Første delrapportering til HFK
M20	Feb.-mars 2020	Første gjennomgang av erfaring med tiltak
M21	Sept. 2020	Andre delrapportering til HFK

## 6.2. Oppfølging og rapportering

Rapportering internt i kommunen er gjennom løypande rapportering til prosjekteigar og styringsgruppe. Referansegruppe (Ungdomsrådet) og politisk utval vert orientert gjennom prosjektperioden.

Rapportering eksternt vert i hovudsak ved prosjektleiar som følger opp krav om rapportering etter vilkår i tildeling og samarbeid med Hordaland (Vestland) fylkeskommune.

Prosjektet har fått eige prosjektnummer i kommunen sitt økonomisystem for å følgje opp god rekneskapsrapportering.

## 6.3. Risikomoment

I prosjekt Helsefremjande nærmiljø erfarte vi at felles forståing og eigarskap til mål og måloppnåing var ein kritisk suksessfaktor. Erfaringar synte oss også at det var viktig å legge til rette for deltaking særskilt for dei som deltok som frivillige.

Manglande eigarskap og/eller interesse hos dei som skal delta er ein risikofaktor, det same gjeld tid og kapasitet til deltaking.

Manglande kompetanse i bruk av metode/prosess er ein annan risikofaktor.

Frå 2020 vil grunnskulen ha mykje fokus på fagfornyninga og implementeringa av ny læreplan med nytt dypdelæringsperspektiv og vektlegging av nye kjerneelement i fag. Vi må vere merksam på faren for at det (ikkje) går på bekostning av tid brukt på arbeid med dei tverrfaglege tema som demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring.

## 7. Budsjett og finansiering

Prosjektet er delfinansiert gjennom tilskotsordninga Program for folkehelsearbeid i kommunane, administrert av Hordaland (Vestland) fylkeskommune. Endeleg avklaring av budsjetttramme vert avgjort etter at samarbeidsforumet har hatt sin handsaming av prosjektplanen 14.12.18. Endeleg budsjett for prosjektet vert justert etter tildelte midlar.

### 7.1. Prosjektkostnader/ Budsjett (totalt 3 år)

## **Budsjett for 3 år:**

<b>Inntekter (spesifiser)</b>			<b>Beløp</b>	<b>Kommentar*:</b>
<b>Søkt tilskotsordning program for folkehelsearbeid i Hordaland</b>			Kr. 2 400 000	Skriv tekst her.
<b>Søkt tilskot andre</b>			Kr. <i>Skriv her.</i>	Skriv tekst her.
<b>Eigenkapital og eigeninnsats</b>	<b>Ant timer:</b> 500 timar	<b>Timesats:</b> 470,- inkl sosiale kostnader	Kr. 235 000	<b>Anslag basert på snitt timesats – fordelt på fleire personar</b>
Bruk av interne ressursar på skular			Kr. 150 000	<b>ABCD kursing/opplæring</b>
			Kr. <i>Skriv her.</i>	<i>Skriv tekst her.</i>
			Kr. <i>Skriv her.</i>	<i>Skriv tekst her.</i>
<b>Totale inntekter</b>			<b>Kr. 2 785 000</b>	<b>Skriv tekst her.</b>

<b>Utgifter (spesifiser)</b>			<b>Beløp</b>	<b>Kommentar*:</b>
<b>1. Lønsutgifter og sosiale kostnader</b>			Kr. 1 735 000	<b>Prosjektleiing og frikjøp av personell til prosjektarbeid og frikjøp pedagogisk personell</b>
<b>2. Reiseutgifter, arrangement, møter, konferansar</b>			Kr. 160 000	<b>Eigne møter, møter i grendene, samarbeidsmøter i regi av HFK, samarbeid andre kommunar og regionale/nasjonale konferansar</b>
<b>3. Konsulenttenester</b>			Kr. 440 000	<b>I hovedsak samarbeid med FOU - evalueringshjelp</b>
<b>4. Trykking, publikasjonar, kunngjeringar mm.</b>			Kr. 40 000	<b>Annonsering publikasjonar m.m.</b>
<b>5. Utstyr nb. kun mindre utstyr i dialog med HFK</b>			Kr. 10 000	<b>Mindre innkjøp</b>
<b>6. Driftsutgifter, forbruksmateriell og kontortenester (kan også vere eigen del)</b>			Kr. 20 000	<b>eigendel</b>
<b>7. Andre utgifter: Spesifiser/t.d tiltaksutvikling i samarbeid med frivillig sektor.</b>			Kr. 380 000	<b>Samarbeid med grendautval/frivillig sektor, skulane bruk/ implementering av ABCD metode/prosess</b>
<b>Totale utgifter – førebels plan</b>			<b>Kr. 2 785 000</b>	<b>Skriv tekst her.</b>

## **Frikjøp av prosjektleiing**

Det er viktig at prosjektleiing har kunnskap og erfaring frå prosjektarbeid og at ei prosjektgruppe er tverrfagleg og tverrsektorielt samansett. Midlar vil verte nytta både til prosjektleiing og frikjøp av deltakarar i prosjektgruppa, og av andre personar knytt til gjennomføringa av prosjektet.

22.01.2019

Anne-Beth Njærheim, Folkehelsekoordinator Bømlo kommune

## 8. Referansar

Agdal, R og Midtgård, IH (2018): Kva veit vi om bruk av ABCD for born, unge og i undervisningssektoren?  
Rapport kunnskapsoppsummering, HVL

Bø og Schifloe (2007) Sosiale landskap og sosial kapital, innføring i nettverkstenking, Oslo, Universitetsforlaget

Bømlo kommune, (2016) Oversiktsdokument- Folkehelse i Bømlo kommune, Vedteke i kommunestyret  
14.03.2016, sak PS 21/16

Bømlo kommune, (2018) Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2048, Vedteke i  
kommunestyret 19.03.2018, sak 19/18

Elevundersøkinga 2017, omtale [https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/analyse-av-elevundersokelsen2017/id2619619/?fbclid=IwAR3bUQHKR6S79Nji5Lz58UWOgdQUMLWTLKwPyNMta0C8gg\\_yfgW-LaeGxQE](https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/analyse-av-elevundersokelsen2017/id2619619/?fbclid=IwAR3bUQHKR6S79Nji5Lz58UWOgdQUMLWTLKwPyNMta0C8gg_yfgW-LaeGxQE)

Helsedirektoratet (04- 2018), Styrkebasert tilnærming i lokalt folkehelsearbeid. Innbyggerinvolvering, myndiggjøring og deltakelse

Kaasbøll J. ,Melby L. og Lassemo E. (2018) Resiliente og helsefremmende lokalsamfunn  
En kunnskapsoppsummering, KS og Sintef

Ungdata Bømlo <http://www.ungdata.no/Fylker-og-kommuner/Hordaland/Boemlo>